



Halvard Døssland kan sjå tilbake på 50 år med den årlege sauesamlinga. Her saman med ein god sankeven, Malvin Røssland.

Halvard Døssland (75) kan i år sjå tilbake på 50 år med sauesamling. Han er ikkje den eldste. Det er Bernt Kaldestad, like sprek og er med på sanking kvart år i ein alder av heile 96 år. Håkon Bjørnebøle er og har vore ein sentral person i sankinga. Halvard kom tidleg med i det kommunale beitestyret for heile område. Seinare vart det eit felles sankelag med medlemmer frå kvar av dei tre kviene.

I oppveksten var Halvard med og sankta sauer i Englafjell. Auke i talet dyr førte til dålegare beite og ein måtte sjå seg om etter anna beite. SKL si kraftutbygging, Blåfalli, førte til betre tilkomst til fjellet på Fjellhaugen og på Bjørnebøle. Hallvard minnest dei fyrste åra utan bru over elva ved skytebanen. Då vart sauene førte inn den gamle fjellvegen i lia der Bjørnebølshusa ligg i dag. Bru over elva førte til ein god og sikker transport langt inn i fjellet.



[Mykje sau er alt sankt og komen heim på beite for sortering før levering til slakt.](#)

Det knyter seg sterke familiære tradisjonar til sankinga. Barnebarnet, Hallvard på 23 år, kjem til dømes heim frå Bergen for å vera, med, slik det har vore kvart år sidan han var liten gut. Familien til Bernt Kaldestad møter årleg med 10 - 15 sankarar.

Sankelaget organiserer sankinga på tre kvier, Ågotelv, Stakkabotn og Brandvikjo. Det vert utført vedlikehald på kviene kvart år. Det er dugnadsarbeid der alle må hjelpa der det trengst mest. Sankinga i år har så langt vore vellukka. Mange har fått heim sine dyr alt fyrste sankehelga. Det er likevel ettersanking komande helg. Dyra vert tekne heim for sortering før levering til slakt. Dersom det let seg gjera med sortering i kviene, vel nokre levering til slakt direkte frå fjellet. Det er uansett ein førsetnad at dyra er slaktemogne.

Halvard Døssland har mange gode minne frå den årlege sauesamlinga. Møte med eit uttal gide menneske samla om ei felles interesse, er nøkkelen til at dette har vore ein meningsfull aktivitet i 50 år.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tore Eik/ Landbruket i Kvinnherad



Det vert kvart år utført dugnadsarbeid på kviene ved Ågotelv, i Stakkabotn, Brandvikjo og i Storbjørnsli (Fjellhaugen).